



Arkoconsult
Tom Andre Sivertsen
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2512 - 14/6387

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
19.03.2014

Vedkomande anmodning om forhåndskonferanse - gbnr 137/730 og 137/120 Alver

Vi viser til førespurnad om ovannemnde, mottatt hos 17.03.2014.

Føremål og innhald i førehandskonferanse er skildra i byggesakforskriften § 6-1, der det m.a. står at konferansen skal avklare tiltakets føresetnader og rammene for vidare saksbehandling.

For at kommunen skal kunne førebu førehandskonferansen er det avgjerande at vi får tilsendt opplysningar om tiltakets innhald, omfang, plassering, framdrift, aktuelle ansvarlege utøvarar, føresetnader for tiltaket og anna som er relevant for saka. Kommunen vil føre referat frå konferansen, og dette vil m.a. danne grunnlag for vidare handsaming.

Ut i frå innsendte e-post er det vanskeleg for kommunen å førebu ein førehandskonferanse. Eg må difor be om at de kan utdjupe litt kva prosjekt de ser for dykk på eigedommane, og at det skisserer meir konkret dei spørsmåla de ønskjer å få diskutert i ein førehandskonferanse.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:
Arkoconsult

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOSSEN